

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 10/16

Møte 21.11.2016

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- X Asbjørn Ringdal Gausdal
- X Torill Bøe
- Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

Varamedlemmer:

- X Daniel Ask
- X Ann Elida Solheim
- Anton Iversen

Administrasjonen:

Assisterende direktør Helge Ristesund

Andre:

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/Randi Spjelkavik Ramnefjell

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – Styrerrommet kl. 10:00.

Ingrid Løset starta med å ønske alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

BU 2016/91 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 09/16 frå møte 24.10.16.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 21.11.16.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 21.11.16.

Protokoll nr. 09/15 som vart godkjent i møte 24.10.16, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 2016/92 Orientering frå assisterande direktørVedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek sakane til vitande.

BU 2016/93 OrienteringssakerInnstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

1. Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande
2. Høyring om nye satsar for brukarutvala
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF meiner at det er urimeleg at ein ikkje skal få godtgjort for reisetid. Vi er redd for å miste mange gode brukarrepresentantar dersom ein ikkje får slik honorering. Brukarutvalet vil tilrå at dersom møtetid og reisetid til saman overstig 7,5 t skal dette utløyse full møtehonorar (som for møte over 4 t)
3. Rapport – utskrivingsklare pasientar
4. Rapport - Akutte reinnleggelser
5. Rapport – Ikkje møtt
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek sakane til orientering
6. Orientering frå Jakob Strand – status pasientreiser
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa til vitande.
7. Orientering frå Asbjørn Ringdal Gausdal – rapport om meldte uønska samhandlingshendingar mellom kommunar og helseføretak i Møre og Romsdal fjerde kvartal 2015
 - Samhandlingssjef vil bli invitert til møtet i desember, saka vert difor utsatt til neste møte.

Vedtak:

1. Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande
2. Høyring om nye satsar for brukarutvala
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF meiner at det er urimeleg at ein ikkje skal få godtgjort for reisetid. Vi er redd for å miste mange gode brukarrepresentantar dersom ein ikkje får slik honorering. Brukarutvalet vil tilrå at dersom møtetid og reisetid til saman overstig 7,5 t skal dette utløyse full møtehonorar (som for møte over 4 t)
3. Rapport – utskrivingsklare pasientar
4. Rapport - Akutte reinnleggelser
5. Rapport – Ikkje møtt
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek sakane til orientering
6. Orientering frå Jakob Strand – status pasientreiser
 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa til vitande.
7. Orientering frå Asbjørn Ringdal Gausdal – rapport om meldte uønska samhandlingshendingar mellom kommunar og helseføretak i Møre og Romsdal fjerde kvartal 2015
 - Samhandlingssjef vil bli invitert til møtet i desember, saka vert difor utsatt til neste møte.

BU 2016/84 Referatsaker

- Protokoll – Regionalt Brukarutval 10.10.16.

Vedtak:

- Protokoll – Regionalt Brukarutval
Tatt til vitande

BU 2016/95 Statusrapport oktober – Aktivitet – Økonomi og KvalitetInnstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2016/75 – Statusrapport pr september 2016 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet

Styret skal behandle saka i styremøte 25.11.2016.

Vedtak:

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande

BU 2016/96 Tiltråding konseptval Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2016/76 – Tiltråding konseptval Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)

Styret skal behandle saka i styremøte 25.11.2016.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek til vitande at lokalisering av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal er vedtatt.

1. Brukarutvalet er tydelege på at innhaldet og kvaliteten på tenestane i det nye sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR), er viktigare enn nærleik til sjukehuset. Brukarutvalet har i heile denne prosessen vore opptekne av eit robust fagmiljø, kvalitet ved tilbodet og rekruttering av fagpersonell. På dette grunnlaget tek Brukarutvalet innstillinga til direktøren til vitande.
2. Brukarutvalet er samd i at "Økonomiske berekraft, investering og driftsøkonomi er svært sentrale tema i arbeidet med store sjukehusinvesteringar". Brukarutvalet vil likevel peike på at det mest sentrale tema må vere eit godt helsetenestetilbod til befolkninga.
3. Brukarutvalet meiner det bør avsettast eigna areal til pårønderom der desse kan vere avskilt frå andre besøkande ved behov, t.d ved kritiske tilstandar.
4. Brukarutvalet meiner det burde vore planlagt for å møte framtidige helsetilbod som farmasøytisk poliklinikk og «Pusterommet».
5. Brukarutvalet vil tilrå at det vert vurdert om frigitt areal ved Kristiansund sjukehus kan nyttast til styrka rehabiliteringstilbod. Dette kan gjelde både poliklinisk rehabilitering og rehabilitering av brukarar som er kommunane sitt ansvar.
6. For å lukkast med prosjektet vidare er det viktig at det vert sett i verk tiltak for å tenkje heilskapleg og snarast kome i gang med å arbeide aktiv med ein felleskultur i føretaket. Dette er viktig for å skape ei best mogeleg helseteneste for pasientane (jfr strategi 2030)
7. Det er viktig å halde framdrift i prosjektet. Unødig forseinking kan setje heile saka på vent.

BU 2016/97 Evaluering av arbeidet som Brukarutvalet gjennomfører i møta sineVedtak

Saka vert utsatt til neste møte

BU 2016/98 Høyringsuttale - Brukarmedverknad i forskning i HMRVedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vedtek vedlagte utkast til høyringsuttale frå Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal.

Brukarutvalet oppnemner Daniel Ask til å delta i det vidare arbeidet. Martin Solberg er valt som vara.

BU 2016/68 Revisjon – EQS dokument oversikt Brukarutvalet

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til vitande

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF meiner at handlingsplan for Brukarutvalet HMR bør reviderast. For å gjere dette ber Brukarutvalet administrasjonen om administrativ hjelp med dette arbeidet.

Frå Brukarutvalet vert Asbjørn Ringdal Gausdal og Ann Helen Skare valt.

BU 2016/74 Nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til vitande

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF er einige i dei retningslinjene som er lagt fram. Brukarutvalet har viktige oppgåver og det er difor viktig at Helseføretaka legger til rette praktisk med god saksbehandling og sekretariat blant anna for:

- a) å førebu saker til utvalet
- b) å følgje opp saker (vedtak) som Brukarutvalet gjer.

Vi har merka oss at det å sitje i Brukarutvalet er blitt ei meir krevjande oppgåve dei siste åra. Det enkelte medlem i Brukarutvalet har ikkje alltid gode nok kontorforhold som dei treng til arbeidet. Dette gjeng på tekniske hjelpemidlar som skrivar, kopimaskin m.m jfr pkt 6 i retningslinjene. Ein føresetnad for godt arbeid er også god opplæring om sjukehuset si hovudoppgåve jfr pkt 7 i retningslinjene.

Vedrørande ungdomsråd ser vi at det viktig å få etablert desse, men at det kan være endel praktiske utfordringar blant anna reiser, fráværingsregler i skole etc. Brukarutvalet støtter at slike råd vert valt.

BU 2016/85 Møteplan 2017

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ber om at aktuelle møtelokaler blir gjort tilgjengelege for alle (universell utforming). Brukarutvalet forventar at det vert betre tilgjengelegheit og utforming av inngangsparti for rullestolbrukarar til Sagbakken Hus 2 i Molde og administrasjonsbygget i Ålesund.

Brukarutvalet minner om vedtaket i Brukarutvalet sak 2016/69 pkt 2

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vedtek møteplan 2017.

BU 2016/99 Innføring av palliativ plan – plan for lindring

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF er godt nøgd med den framlagde planen.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal stiller spørsmål om det ikkje burde vore praktisert brukarmedverknad i dette planarbeidet. Dette ut frå at ein slik plan vil gripe direkte inn i tenestetilbodet til ei stor brukargruppe.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vil tilrå at tema organdonasjon vert vurdert teke inn i planen ved revidering/rullering

BU 2016/100 Eventuelt

Ingen sakar under eventuelt

BU 2016/101 Godkjenning av protokoll nr. 10/16 frå møte 21.11.2016

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 10/16 frå møte 21.11.2016.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 10/16 frå møte 21.11.2016

Møtet slutt kl. 14:45

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Jakob Strand

Atle Tangen

Anton Iversen

Anne Grete Mogstad

Asbjørn Ringdal Gausdal

Daniel Ask

Hilde Marie Kleiven

Torill Bøe

Ann Elida Solheim